


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



frå kyrkjeboka



Døypte

20.10.
Tobias Bolstad



Døde

23.10.
Kirsten Legland

SKULEBORN I SAMNANGER HJELPER SKULEBORN I ZAMBIA



På loppemarknaden finn borna mange fine ting dei kan kjøpa med seg heim og leika med.



Sunniva i midten sel lopper til Selma og Erica

på godteglas og litt av kvart. Alle skuleborna hadde fått lov å ta med seg maks 50 kr. kvar, og desse vart nytta godt. Mange kom heim med «ny-gamle» loppemarknad-leikar og nokon heldige med gevinstar. Dei fleste hadde og brukt litt på gode, heimelaga kaker og bollar, sjølvsgagt baka på kompisklubben. «Kompisane» sjølv var sals-medarbeidarar og styrde med heile marknaden (med litt vaksne i bakhand.) Resultatet var 6370 kr. Hurra for «kompisane» og dei andre skuleborna! Det skal verta nokre born i Zambia som vert kjempeglade når dei får nye skulebøker!

Alle foto: Tor Jellestad

I slummen Kanyama i Lusaka vert det drive ein barneskule for fattige born, med hjelp av gåver frå Samnanger kyrkjelyd. Samningar gjev støtte til husleige, lærarløner, løn til reinhaldar /vaktmeister og betalar skulepengar for dei som ikkje har råd til det sjølv. Men når det er noko ekstra, så trengst det ekstra pengar også. Av og til har det vorte samla inn pengar til skuletur for borna, men no var det trong for skulemateriell, bøker, blyantar skrivepapir og slikt.

Dette ville dei som går på kompisklubb i kyrkja gjera noko med. På den store opningsdagen for det nye skulebygget på Samnanger barneskule, fekk dei lov å arrangera marknad i gymsalen. Her var sal av bollar, kaker og saft, loppemarknad med ting borna sjølv kunne avsjå, lynutlodning, gissa



Gode kaker og bollar med saft til! Her er Alexander, Marius og Amalie bak disken.

kyrkjekalenderen

November

Søn.10. kl. 15.00 - Haga
Familiemix
Sosial samling for store og små med leik og moro

Søn.10. kl. 18.00 - Haga
Storsamling
Liturg: Inge Aasgaard
Tale: Line Bjørhovd
Utdeling av Manga Messias til 5-klassingane

Fre.15. kl. 19.00 - Haga
Kyrkjelydsfest
Sjå omtale

Søn.17. kl. 11.00 - Ådland
Familiegudsteneste m/ dåp

Tirs.19. kl. 18.00 - Haga
Kro

Søn.24. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste m/ nattverd

Desember

Søn.1. kl. 18.00 - Ådland
Lysmesse

Man.2. kl. 19.00 - Haga
Temasamling

Søn.8. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste m/ nattverd

Søn.8. kl. 19.00 - Haga
Julekonsert
v/ Trengeriedkoret,
Hjelmås mannskor og
Strandebarm songlag

Tirs.10. kl. 18.00 - Haga
Kro

Søn.15. kl. 17.00 - Ådland
Julekonsert
v/ lokale krefter

KYRKJELYDS-FEST

Fredag 15.november inviterer soknerådet til kyrkjelydsfest i kyrkja på Haga. Først et me middag saman, og så vil Per Fimreite tala over temaet «Livsglede». Det vert mykje song og musikk, både solosong og allsong til piano og lovsongsorkester. Stort kakebord må me sjølvsgagt ha

når det er fest, og då inviterer me ungdomane frå «basement» opp til å vera med oss. Etterpå finn me på noko kjekt saman med dei.

Gløym haustmørke, regn og stress; Ta med deg ein ven og kom! Festen er gratis og open for alle.

FAMILIEMIX

Eit arrangement for store og små, unge og gamle!

Me samlast i kyrkja på Haga **søndag den 10.november kl.15.00** og leikar, spelar spel, pratar, strikkar, malar og har det berre veldig kjekt i lag! Om alle tek med ein rett kvar, kan me laga til koldtbord der me et

og kosar oss i lag. (Kyrkja held brød og drikke).

Etterpå kan me samlast til **Storsamling** inne i kyrkjerommet. Der held me gudsteneste og 5.klassingane skal få utdelt bibelboka Manga Messias.

Alle er hjarteleg velkomne!

BØNERINGEN er her for deg



Står noko på, så ring Audun Aase på tlf. 41 52 19 05

Vil du vera med i bøneringen, ring det same nummeret.